

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.01.2016

Vår ref.: 201208132-10

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Anne Johanne Rognstad

Skagerak Kraft AS – Søknad om løyve til å byggje Gjuvåa kraftverk i Hjartdal kommune i Telemark – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Skagerak Kraft AS, datert 13.11.2015, om løyve til å byggje Gjuvåa kraftverk i Hjartdal kommune.

Gjuvåa kraftverk vil nytte eit fall på 290 m frå inntaket på 757 moh. til kraftstasjonen 467 moh. Tilløpsrøret blir 2400 m langt, og er planlagt nedgrave på vestsida av Gjuvåa. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst til kraftstasjonen på 50 m og ny permanent veg til inntaket på 75 m frå eksisterande vegnett. Middelvassføringa er 1 m³/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,1 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,9 MW, med ein estimert årsproduksjon på 14,1 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2,7 km lang elvestrekning i Gjuvåa. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 114 l/s om sommaren (perioden 1.5 – 30.9), og 50 l/s om vinteren (perioden 1.10 – 31.4.)

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Gjuvåa kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunnngjort av NVE. Kopi av kunnngjeringa ligg ved.

NVE ber Hjartdal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicekontoret i Hjartdal kommune fram til **18.03.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **18.03.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Anne Johanne Rognstad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Orientering til høringspartane
Orientering til søker
Kunngjering
Søknadar (til kommunen)

Mottakerliste:

Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
Fylkesmannen i Telemark
Hjartdal Elverk AS
Hjartdal kommune
Naturvernforbundet i Telemark
NJFF – Telemark
Norges Miljøvernforbund
Notodden Turlag
Skagerak Kraft AS
Skagerak Kraft AS v/Bjarte Guddal
Skagerak Nett AS v/Tor Eriksen
Statens vegvesen - Region sør
Telemark fylkeskommune
Telemark Turistforening